



NORGESTAXI OSLO AS  
Ensjøveien 20  
0661 OSLO

Dato: 16.01.2018  
Vår ref.: 2015/6943-46  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Avslag på søknad om tildeling av reserveløyve på særvilkår

Løyvestyresmakta viser til brev av 10. januar 2017 fra Norgestaxi AS på vegne av Norgestaxi Bergen AS.

Det vert søkt om å få tildelt 20 drosjeløyve på særvilkår til Norgestaxi Bergen AS. Det vert opplyst at løyva skal nyttast mellom kl. 07.00 og 17.00 mandag til fredag til turar tildelt av sentralen. Tildelingstida skal vera frå snarast til 31.12.2022.

Bakgrunnen for søknaden er at Norgestaxi Bergen AS ikkje har kapasitet til å oppfylla større offentlege kontraktar med løyveporteføljen knytt til sentralen. Dette fører til forseinkinga i leveringa av transporttenester noko som går ut over pasientvelferda. Det vert opplyst at sentralen opplever sviktande rekruttering av løyvehavarar og at sentralen i praksis ikkje har høve til å regulera dette.

### Grunnjeving for vedtaket

Norgestaxi Bergen AS er ein del av Bergen køyreområde. Drosjemarknaden her vert evaluert årleg og det vert gjennomført behovsprøving av løyvetalet, jf. yrkestransportforskrifta § 37, første ledd. Det er politisk bestemt at det skal vera totalt 705 aktive drosjeløyve, fordelt på 540 ordinære drosjeløyve og 165 reservedrosjeløyve. Ved siste evaluering som vart handsama av Fylkesutvalet 22.11.2017, syntte statistikken overkapasitet i marknaden. Løyvetalet vart likevel ikkje redusert.

Bergen køyreområde er eit uregulert prisområde og det er innført konkurranse med fleire drosjesentralar. Det er tilslutningsrett og tilslutningsplikt, men i utgangspunktet er ledige drosjeløyve frie og det er opp til løyvehavarar kva sentral han/ho vil knyta seg til. Det er såleis konkurranse om løyvehavarar mellom sentralane, og dette er tilslikta.

Dersom Norgestaxi tapar i konkurransen om løyvehavarane, kan ikkje løyvestyresmakta avhjelpe dette gjennom å tildela løyve til Norgestaxi. Dette ville gripa direkte inn i konkurransen, setja behovsprøvinga ut av spel og danna presedens.

Det er svært uheldig at manglande levering av transporttenester går ut over pasientar, men dette skuldast ikkje at løyvetalet i Bergen køyreområde er for lite. Det er kontraktøren, i dette tilfelle Norgestaxi som er ansvarleg for å ha tilstrekkeleg kapasitet. Kan ikkje sentralen oppfylla kontrakten, kan sentralen t.d. nytta underleverandørar. Eventuell kostnad ved ei slik løysing, må Norgestaxi som ansvarleg kontraktør sjølv bera.

**På denne bakgrunn vert søknad om tildeling av 20 drosjeløyve til Norgestaxi Bergen AS avslått.**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påkлага vedtaket til Klagenemnda innan ein frist på 3 veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Klaga skal sendast til fylkesdirektør samferdsels. Følgjene av ei eventuell klage kan verta at vedtaket vert endra.

Etter forvaltingslova § 27 b kan søksmål om vedtaket er lovleg eller krav om erstatning som følgje av eit slikt vedtak, ikkje reisast før parten har nytta høve til å påkлага vedtaket.

Med heimel i forvaltningslova §18 jfr § 19 har part – med visse unntak – rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må i så tilfelle venda seg til samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*